



Landbruks- og matdepartementet

ØSTRE GAUSDAL, 17.10.2014

Arkivkode

Vår ref. (oppgis ved svar)
14/1445-2

Deres ref.

SVAR PÅ HØRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKUDD OG AVLØSERTILSKUDD I JORDBRUKET

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen ynskjer å kome med følgjande kommentarar til ny forskrift om produksjonstilskot. Det må ligge i botn her at alle nye reglar kan la seg kontrollere maskinelt. Alt anna vil gjere meir arbeid til kommunane, og med det større byråkrati.

Eit overordna mål med tilskotsforvaltninga er at det skal tildelast rett tilskot ut frå regelverket. Då er det viktig å ha eit regelverk som gjere det lett å kontrollere at rett tilskot vert utbetalt.

Driftsfellesskap

Driftsfellesskap er ei tung og vanskeleg materie i samband med produksjonstilskot. Det vert fort ressurskrevjande å halde oversikt over og å kontrollere. I ein kvardag der det å bruke meir tid på ei sak, gjere at andre saker vert lagt til side, er det vanskeleg å kunne prioritere slike saker.

Landbrukskontoret ser positivt på at det no vert mjuka opp, med tanke på at det skal verte mogleg å setje fram ein felles søknad der det vert fastslege driftsfellesskap, eller der det er opna sak om driftsfellesskap, for så å avkorte.

Landbrukskontoret håpa at ny forskrift om produksjonstilskot hadde gjort driftsfellesskapsreglane enklare. Diverre ser det ikkje ut til å skje. Det vert heller endå vanskelegare. I eksisterande forskrift var det nokre avgrensingar. Desse gjorde at det var enkelte forhold som gjorde at føretak diskvalifiserte seg frå å få produksjonstilskot. Mellom anna gjaldt AS eigd av AS, og at føretak med felles eigarinteresser og same produksjon ikkje kunne søkje.. At det vert opna opp for alle typar eigarkonstellasjonar gjere kontrollen med driftsfellesskap vanskelegare.

Etter dagens forskrift er nok mange gardbrukarar usikre på kva for side av driftsfellesskapsreglane dei er på. Dei fleste optimaliserer og tilpassar seg tilskotsregelverket. Og det vil skje i framtida òg, uansett korleis regelverket utformast.. Det er mange skjønsmessige vurderingar som kommunane

må gjere for å finne vegen ut av gråsona. Ved eit klarare regelverk ville det vorte enklare for både gardbrukarane og kommunane å halde seg til reglane som gjeld.

Ny forskrift legg fleire vurderingar om driftsfellesskap over på kommunane, og det vert lagt opp til at det skal brukast meir skjønn. Samtidig vert fleire avskjæringsreglar borte, og fleire ulike føretakskonstellasjonar kan søkje tilskot. Dette i sum vil gje kommunane meir arbeid og altså auka byråkrati. Motsett ville klarare reglar gjeve alle noko å rette seg etter. Det ville og vært enklare for byråkratiet, og med det mindre arbeid på byråkratiet.

Felles eigarinteresser og same produksjon

Slik dette er i dagens forskrift så er utgangspunktet at føretak med felles eigarinteresser ikkje kan få tilskot for same produksjon. Så er det gjort nokre unntak. Det at det var slike restriksjonar på føretak som kunne søkje produksjonstilskot, gjorde at landbrukskontora slapp å ta vurdering av driftsfellesskap i desse tilfella. Når dette no vert foreslege oppheva, vil det gjere at kommunane må foreta fleire driftsfellesskapsvurderingar, med sjanse for å oversjå føretak der det burde vore gjort. Så gjer departementet eit nummer ut av at det har vorte nokre unntak. Her er arbeidet med unntaka langt mindre enn det som det vil verte med nye reglar.

Krav til å disponere dyr og areal (s 13 og 14) òg kap 4.2.2

Noko vi lurar på er dette med at fleire føretak kan velje å søkje saman, enten på eitt av føretaka eller på eit felles føretak. Korleis vil dette verte i høve §§ 3 og 4, og det å disponere areal eller dyr? Og korleis skal kommunane, som har avgrensa ressursar ha moglegheit til å følgje med på/kontrollere dette?

Om det etter § 7 vert fastslege at det er driftsfellesskap mellom føretak som har søkt sjølvstendig, kan dei be om å verte vurdert under eitt. Om det vert søkt på eit nytt føretak, er det likevel dei opphavlege føretaka som har disponert dyra eller arealet. Kva då med kravet til å disponere dyra eller areala? Kva med kravet til gjødslingsplan?

Kva med brot på kravet om å disponere areal? På arealtilskot er strukturen borte no, ut frå § 7 4. ledd kan då føretaka likevel søkje tilskot kvar for seg?

Heilskapen

Det kan verke som om departementet ikkje har med seg heilskapen i høyringsnotatet. I kap 3.3.2, side 18, må det nemnast at det kan vere driftsfellesskap mellom to føretak, sjølv om det er langt mellom dei. Det er ulike soner for distriktstilskot for mjølk og kjøt mellom Østfold og deler av Oppland. Ved å flytte dyr mellom føretaka vil ein kunne hente ut ekstra distriktstilskot.

I § 4 står det krav til disponering av areal. Her går det fram på side 28 at om ein ikkje driv areala sjølv og sel til den som driv, kan det vere brot på disponeringskravet. Dette står i kontrast til § 7 4. ledd, der det går fram at om det ikkje vert rekna ut større tilskot om føretak søker kvar for seg, kan dei gjevast sjølvstendige tilskot.

Søknadsfrist

Det er foreslått å ta bort omgrepet virkedagar ved for seint leverte søknadar, og ta med alle dagar. Dette gjere at dei som ikkje har kome inn i dataalderen enno, og ynskjer å levere på papir kan få ein større reduksjon enn dei som kan levere på nett.

Miljøkrav

Kravet til å ha gjødslingsplan slår no sterkare inn, sidan det er foreslege å gjere det som eit vilkår for å få arealtilskot. Tidlegare låg dette inn i kravet til Miljøplan, og konsekvensane har vore mindre. Så er det slik at ein del gardbrukarar kanskje ikkje oppfyller krava til gjødslingsplan, spesielt kravet om at jordprøver ikkje skal vere gamlare enn 5-8 år. For dei som ikkje oppfyller dette kravet når forskrifta trer i kraft, har dei få moglegheiter til å få dette i orden. Det bør difor vere ei overgangsordning akkurat på dette punktet i krava til gjødslingsplan for 2015, slik at det ikkje vert urimelege utslag av innføringa av ny forskrift.

Det er peika på i miljøkrava at løyve til inngrep skal gjerast etter anna særregelverk. Spørsmålet er om vi har regelverk som fangar opp det vi ynskjer å ta vare på, som kantsoner, små åkerholmar osv.

Fagsystem og maskinelle kontrollar

Det ser ut til at det skal opnast for at det skal kunne søkjast på eit føretak eller på eit nytt felles føretak, ev. på eit av føretaka, der det er konstantert eller vert undersøkt for driftsfelleskap.. Vi reknar med at fagsystemet for produksjonstilskot kan handtere alle slike eventualitetar, viss ikkje vil det gje kommunane meir arbeid.

Det er avgjerande for arbeidsmengda til kommunane at alle endringar i regelverket som ikkje kan materialiserast i fagsystemet må utsetjast til fagsystemet er oppdatert til å handtere dei.

Det er i dag mange kontrollar ved søknadane om produksjonstilskot som skjer maskinelt. Det er viktig ved endringar av regelverket at det framleis er mogleg å ha flest mogleg maskinelle kontrollar til å kontrollere dei vilkår som gjeld, og kontrollere samanhengar innan søknadar og mellom søknadar. Det må difor vere slik at det må vere regelverk og datasystem som mogleggjere maskinelle kontrollar. Resterande kontrollar er veldig ressurskrevjande med gardsbesøk, og ev. gjennomgang av rekneskap.

Dokumentasjon av avløyserutgifter frå avløyserlag

Avløyserlaga er ein viktig samarbeidspartner for kommunane i arbeidet med avløyserartilskota. For kommunane er det til stor hjelp at avløyserlaga rapporterer det som dei har lønna ut direkte. Dette fører til veldig lite feil på alle søknadar om avløyserartilskot, der avløyserlaga har stått for utlønning av avløysering. Det er mykje meir feil på dei søknadane der gardbrukaren har stått for utlønning og dokumentasjon av avløyserutgiftene sjølv.

Avløyserlaga utgjer eit sikkerheitsnett, og kan gje avløysering sjølv om gardbrukaren kanskje ikkje kan betale for seg der og då. Ved å vite at avløyserlaget får utbetalt avløyserartilskotet i etterkant, er det større sikkerheit for at dei får pengane, og gardbrukarane veit dei kan få hjelp. Dette kan vere viktig, ikkje minst dyrevelferdsmessig, i ein vanskeleg situasjon.

Det er foreslege å ta bort overgangsordninga ved eigeidomsoverdraging. Dette kan gjere at avløyserartilskot kan tapast ved at ein ikkje har nok dokumenterte utgifter kvar for seg. Det er gjerne slik at avløysering strekkjer seg nokolunde likt utover året, og skje overdraginga midt i året, vert det vanskelegare med å dokumentere utgifter.

Konklusjon

Det som ved fyrste augekast er tenkt skal framstå som ei forenkling, betyr i praksis auka byråkrati. Færre reglar og auka skjønn ser fint ut på papiret, og kan vere gunstig for nokre fortak. Problemet er at auka skjønn krev at nokon må gjere det skjønnet. Difor vil endringane rundt driftsfellesskap og føretaksstruktur føre til auka byråkrati framover. Klare regler vil gje mindre byråkrati og meir lik handsaming av alle søkjarar.

Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen krev at alle endringar i regelverket som ikkje kan materialiserast i fagsystemet må utsetjast til fagsystemet er oppdatert til å handtere dei.

Det må opprettast ein overgangsordning for kravet om gjødslingsplan, ved at jordprøver gamlare enn 8 år kan godkjennast som grunnlag for gjødslingsplan i 2015.

Med venleg helsing
Landbrukskontoret i Lillehammer-regionen



Carl Olav Holen
Enhetsleder
Dir.tlf. 61 22 44 55



Øystein Jorde
Jordbruksrådgiver
Dir.tlf. 61 22 45 43